

Grunneigarar/rettshavarar

Vår dato: 18.01.2024

Vår ref.: 202305929-116 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Georgine Wind AS – Høyring av søknad om testing og påfølgjande drift av ein turbin i Sløvåg – Gulen kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har mottatt søknad og konsekvensutgreiing frå Georgine Wind AS om ein turbin i Gulen Industrihavn/Sløvåg industriområde i Gulen kommune, Vestland fylke.

Søknaden blir med dette sendt på høyring. Høyringsfrist er sett til 1. mars 2024.

Søknaden

Georgine Wind AS søker i medhald av energilova § 3-1 for å bygge, eige, teste og deretter drive ein vindturbin. Vindturbinen er planlagt inne på eit industriområde i Sløvåg, tilhøyrande Wergeland Gruppa AS. Turbinen vil vere av typen GE Haliade X, med ein installert effekt på inntil 18 MW. Nav-/tårnhøyde vil vere 150 meter, og rotordiameteren vil vere 250 m. Høgste høgde vil vere 275 meter.

Søknaden med konsekvensutgreiing er tilgjengeleg på denne saka si nettsida hos NVE:

<https://www.nve.no/14069/A>

For meir informasjon om NVEs behandling av konsesjonssøknadar for vindkraft viser vi til vår nettstad:

[Konsesjonsbehandling av vindkraftverk på land - NVE](#)

Informasjon om Gulen kommunes behandling av søknad etter plan- og bygningslova

Frå 01.07.2023 er det komme nye krav om behandling etter plan- og bygningslova for vindkraftverk på land. I eksisterande detaljreguleringsplan er det opna for vindturbinar med ein totalhøgde på inntil 150 meter. For at NVE skal kunne fatte eit konsesjonsvedtak, må det vere fatte eit vedtak etter plan- og bygningslova som opnar for ein større turbin enn dagens detaljregulering gjer moglegheit til. Gulen kommune har derfor bede tiltakshavar om å søkje om reguleringsendring. Når framlegg til reguleringsendring er klart, vert det lagt ut på kommunen si heimeside og varsla i samsvar med plan- og



byggningslova. Gulen kommune vil og orientere om saksgangen og status for reguleringsendring i folkemøte.

Invitasjon til offentlig møte mandag 5. februar

NVE arrangerer offentlig møte om saka mandag 5. februar 2024. Møtet vil ta sted på Vidsyn Næringsbygg kl. 18:00. NVE vil orientere om behandling av søknaden etter energilova, Gulen kommune vil orientere om behandling av reguleringsendring etter plan- og byggningsloven, og tiltakshavar vil orientere om planane sine. Møtet er ope for alle.

Høyringsinnspel

I samband med høyringa av søknad med konsekvensutgreiing ønsker NVE innspel på følgande:

- Kva meiner de om Georgine Wind AS sine planar?
- Er konsekvensane godt nok utgreia?
- Forslag til justeringar av planane for å redusere eventuelle negative verknader av tiltaket

De kan senda innspel på følgande måtar:

- Via skjema for innspel som de finn på ovannemnde nettstad til denne saka
- Via e-post til uttalelse@nve.no. Merk e-post med «Høyringsuttalelse 202305929» i emnefeltet og oppgi namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga

Frist for å sende høyringsinnspel til NVE er **1. mars 2024**.

Med hilsen

Svein Grotli Skogen
seksjonssjef

Anders Bakken Hekland
rådgjevar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

Grunneigarar/rettshavarar

Kopimottakarliste: